



Knarvikmila 2015
Eddie Ebbesvik
Postboks 177
5903 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6183 - 15/27843

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
28.08.2015

Knarvikmila 2015 - Bruk av vegnettet

Syner til søknad frå Knarvikmila 2015 om bruk av kommunal vegnett i samband med arrangementet. Lindås kommune finn å kunne gje løyve til dette på følgjande vilkår:

- Ingen parkering vert tillete langs dei kommunale vegane. Parkeringa må skje på parkeringsplassar og eventuelt i parkeringshusa i området.
- Utrykkingskjøretøy, samt bebuarar i området må varslast om kjørerestriksjonar, stengde vegar og eventuelle omkjøringsmoglegheiter. Det må være tilstrekkeleg med vaktar som kan dirigera trafikken, slik at utrykkingkjøretøy i ein krisesituasjon slepp fram utan at deltakarane og tilskodarar kjem i fare.
- Dersom det også i år skal setjast opp bru over Lonsvegen, skal denne merkast forsvarleg med refleks, blinkande lys i mørket, og med skilt som oppgjev maks tillete kjøretøyhøgde. Ved innkjøringa til gravplassen og ved krysset Juvikstølen/Lonsvegen skal det monterast «galgar» med markeringsskilt, slik at kjøretøy over tillete høgde tek oppi.
- Ved avkjøringa frå E39 og ved «Gymnaskrysset» skal det 3 dagar på førehand setjast opp skilt, storleik ca 0,5m² stort, med gul eller grøn bakgrunn, som syner at Lonsvegen er stengt for gjennomkjøring i det aktuelle tidsrommet.
- Vegstenging og eventuell omkjøring gjennom Stallane og gamle Juvikstølen skal varslast i lokalavisene.
- Torsdag ettermiddag eller fredag formiddag før arrangementet skal Lindås kommune ha tilbakemelding om kor vidt alle pålegga er oppfylt, eventuelt kva som gjenstår.
- Når arrangementet er ferdig så skal all merking av løypene fjernast.

Vi ønskjer lykke til med arrangementet.



Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5km

10km

fnhm

Kopi til:

Arne Eikefet

Fagsjef veg

Mottakarar:
Knarvikmila 2015

Postboks 177 5903

ISDALSTØ